

## **Budsjett og velferd i Hareid**

Som medlem av Levekårsutvalet, har Folkelista for Hareid kommune dei siste 5 åra med jamne mellomrom fått informasjon om stoda i velferdssektoren. For eitt par år sidan fekk vi inntrykk av ei svært positiv utvikling. Sjukefråveret vart gradvis sterkt redusert. Vi fekk opplyst at arbeidsmiljøet var godt. Dei tilsette fekk regelmessig fagleg påfyll og oppdatering.

### **Stoda i dag**

Siste året har vi fått færre meldingar av dette slaget i møta i Levekårsutvalet. Ein del skuldast nok pandemien vi slit med. Tilbakemeldingar i lokalavisa frå både pårørandeforeininga, dei tillitsvalde og verneombod syner derimot eit anna bilet. Dette må vi ta på alvor.

I år ser det ut til at meirforbruket på velferdssektoren i høve til budsjett ligg på kanskje så mykje som 15 millionar kroner.

I NAV er det om lag 1,3 millionar, i barnevern knapt 3 millionar og i Bu- og habilitering på over 6 millionar kroner. Hadartun kjem ut med mellom 1 og 2 millionar kroner i meirforbruk.

Det interkommunale samarbeidet om barnevern gjer det ekstra vanskeleg å planlegge både kommunale ressursar og kostnader. Naudsynt, men ressurskrevjande tiltak kjem svært brått på – og det er uråd å planlegge anna enn det vi kan bidra med gjennom tidleg innsats. Mange saker viser at kommunen ikkje strekk til her heller.

Dei ekstra kostnadane til NAV skuldast mykje denne hersens pandemien som fører til at fleire dessverre må ty til kommunal hjelp og stønad. Her kan vi håpe på ekstra løyvingar frå staten – men kommunedirektøren melder at vi truleg ikkje får dekt alt.

### **Budsjett 2021**

I budsjettframlegget for 2021 er løyvinga til Velferd om lag 3 millionar kroner høgre enn budsjettet for 2020, men ikkje meir enn det reviderte budsjettet for i år.

Det er lagt opp til ei sparing på kortidseining og buavdelinga på 2 millionar kroner. I siste møte i Formannskapet vart det vedteke at «Kommunedirektøren sine forslag til innsparingstiltak må konsekvensutgreiast og risikovurderast. Det

må gjennomførast ei konkret berekning av den økonomiske effekten av tiltaka.»

Skal dette gjennomførast neste år, må vi vere trygge på at det ikkje går ut over kvaliteten på tenestene våre for verken brukarar og tilsette. Den omlegginga vi har fått presentert etter «Giske-modellen» må skje i samspel med alle involverte. Ei kvar form for omlegging må sikre rettane til brukarane.

### **Eldrebølga**

I åra som kjem vil pensjonistane utgjere ein stadig større del av innbuarane i Noreg. Levealderen har auka med om lag eitt år per tiande sidan 1970. Det tyder at vi i dag lever fem år lenger enn i 1970. Ein stor del av pensjonistane i framtida vil bu i eigen heim så lenge som råd er. Dette vil vere mogleg for dei fleste ettersom helsa jamt over er mykje betre enn for 50 år sidan. Økonomien er også betre. Ved hjelp av ny velferdsteknologi kan lang fleire hjelpast i eigen heim. Derfor er det fornuftig å jobbe framtidssretta for å få dette til. På same tid må vi sørge for at denne omstillinga skjer på forsvarleg vis der alle involverte får kome fram med sitt syn og erfaringar. Berre på den måten kan vi ta vare på lokaldemokratiet på ein forsvarleg måte.

*Nestleiar i Levekårsutvalet, Einar Måseide (FL) og gruppeleiar Kristian Fuglseth i Folkelista for Hareid kommune*